

**Sjølvbiografi som sjølvforståing i den nynorske  
tradisjonen med grunnlag i lesing av**

**Hans Seland : Aar og dagar**

**Anders Hovden : Attersyn**

*Idar Stegane*

**Nordisk Institutt  
Universitet Bergen**

Sydnesplassen 9  
5007 Bergen

Idar Stegane  
Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen  
Sydnesplassen 9  
5007 BERGEN

8. november 1991

Nils Seland  
Brugt. 1

0186 OSLO 1

På førespurnad sender eg prøveforelesinga mi om "Sjølvbiografi som sjølvforståing i den nynorske tradisjonen med grunnlag i lesing av Hans Seland: Aar og dagar og Anders Hovden:  
Attersyn."

Med venleg helsing

*Idar Stegane*

Idar Stegane:

**Sjølvbiografi som sjølvforståing i den nynorske  
tradisjonen med grunnlag i lesing av  
Hans Seland: Aar og dagar og Anders Hovden: Attersyn.**

Det er ikkje tanken med denne førelesinga å føre vidare diskusjonen om sjølvbiografien som genre eller litterær form eller som status. Men eg forheld meg sjølvsagt til viktige punkt i den omfattande litteraturen som etter kvart finst om emnet. Det eg er oppteken av her, er korleis sentrale aktørar i det nynorske kulturarbeidet frå slutten av førre hundreåret og utetter forstår dette arbeidet og seg sjølve i det i tilbakeblikk. Og her er det viktig at det er sjølvbiografi dei skriv, viktig å vere klar over genrespørsmålet. Det er noko anna enn om dei kvar for seg hadde fått i oppdrag å skrive nynorskens kulturhistorie frå 1870-80-åra til 1920-åra. I sjølvbiografien står ein prinsipielt friare til å disponere etter eige tykkje, etter det ein hugsar eller ikkje hugsar, vil hugse eller ikkje vil hugse. Kjeldene kan vere - og er i desse tilfella - eige minne. Metodisk kjeldekritikk er ikkje noko genren krev. Forfattaren har fridom til å stille seg så fritt han vil eller så kritisk og nøyaktig som han vil, til kva rolle han vil tildele seg sjølv i framstillinga, dvs. kva sjølvforståing han har i høve til det fortalte.

No er det likevel ikkje interessa for dei einskilde aktørane som det gjeld her. Eg vil prøve å kaste meir lys over den nynorske kulturinstitusjonen, og den samla nynorske sjølvforståinga ved å studere den oppfatninga som har vakse fram hos desse aktørane.

Sjølvbiografien som skrift har vore drøft lenge. Dei klassiske avhandlingane finst frå 1907 (fyrste bandet av tyskaren Georg Misch si Geschichte der Autobiographie). Men diskusjonen om genre og forteljarperspektiv skriv seg berre tilbake til 1950-åra, engelskmannen Shumaker og franskmannen Gusdorf. Margaretha Fahlgren påpeikar i si bok Det underordnade jaget. En studie om kvinnliga självbiografiar (Fahlgren 1987) at den fyrste drøfter genespørsmålet, medan den andre er oppteken av eg-et eller sjølvet sin plass i framstillinga. Når det gjeld genespørsmålet,

kan det elles skytast inn at Georg Brandes kjem ganske nær til å drøfte det alt år 1900 i forordet sitt til Pjotr Kropotkin: En Anarkists Erindringer (Brandes 1900).

James Olney har i ein artikkel frå 1980 i ei gjennomgåing og vurdering av forskingshistoria på sjølvbiografi peikt på at forsking i sjølvbiografi har gripe om seg "i det siste", dvs. fram mot 1980. Han finn ein særleg mogleg grunn: Sjølvbiografien har interessert det vi kunne kalle særstudium eller fagstudium, med Olneys ord: "American Studies, Black Studies, Women's Studies and African Studies" (Olney 1980:13). Grunnlaget for denne interessa finn Olney i at forskarane innanfor slike fagfelt reknar med at når sjølvbiografiene er skrivne av individ som står innanfor ein kultur eller ei rørsle, representerer dei eit spesielt tilgjenge til erfaringar som ein ikkje kan få fram gjennom andre former for skriving (s.st.). Eg skundar meg å seie at dette ikkje er min grunn her til å lese nynorske sjølvbiografiar. Sjølvbiografiene må som andre hjelpeskrifter til forståing av rørsla lesast og vurderast ved at ein tek omsyn til kva slags dokument det er ein har for seg. Grunnen til at eg tek fram sjølvbiografiar i denne førelesinga, er altså ikkje at eg reknar dei for ein snarveg til forståing av den nynorske kulturutviklinga. Grunnen er at forfattarane gjennom si sjølvoppfatning ~~av forfattarane~~ sjølve kan utgjere ein representasjon av sjølvforståingsmåtar innanfor rørsla.

Eg har valt sjølvbiografiene til Anders Hovden og Hans Seland. Eg skal kome attende til kvifor. Men først skal eg seie litt om andre sjølvbiografiar og former for sjølfframstilling som finst innanfor rørsla, og som eg i og for seg kunne ha undersøkt.

Sjølvbiografiske framstillingar som dekkjer tidsrommet fram til 1915, som eg elles har arbeidt med, finst det fleire av. Ivar Aasen skreiv sjølv eit lite stykke som vitnar om hans sjølvforståing i det han tok fatt på livsverket sitt ("Selvbiografi", 1841). Også av Vinje finst "A. A. Vinjes Optegnelser om hans eget 16.20 Liv" (Vinje 1872). Hulda Garborg skreiv fleire ting. Sven Moren skreiv ei kortare framstilling som står Hovden og Seland nær på ✓

same tid som dei (Moren 1930). Halvdan Koht skreiv etter krigen Minne frå unge år (Koht 1967). Av andre sjølvframstillingsgenrar har vi Aasens Brev og dagbøker. Vi har Vinjes og Garborgs brev, Vinjes Ferdaminni fraa sumaren 1860, Arne og Hulda Garborgs dagbøker osv. Fleire av aktørane i målrørsla gir også uttrykk for at dei reknar mange av sine skjønnlitterære arbeid for sjølvbiografiske; ikkje minst gjeld det både Moren, Hovden og Seland.

Det er med andre ord grunnlag for eit stort prosjekt om ein ville, på ulike former for meir og mindre medvitne sjølvframstillingar. Kari Fjørtoft har drøft sjølvframstilling i ulike genrar hos Hulda Garborg i det ho drøfter memoarboka Barndomsminne (1935) og essayromansen Kvinden skabt af Manden (1904) (Fjørtoft 1991). Sveinung Time har drøft forholdet mellom sjølvbiografi og ulike former for genrar og skriftformer hos Arne Garborg i ei fascinerande innleiing til boka Arne Garborg om seg sjølv i Den norske Bokklubbens biografiserie (Time 1988).

Føremålet for både Fjørtoft og Time er å få fram og drøfte kunnskap om dei intellektuelle personlegdommane Hulda og Arne Garborg. I mitt tilfelle er det ikkje det som er hovudsaka. Eg er ute etter innsyn i forståingsmåtar innanfor den ideologirådande delen av utviklinga av det nynorske skriftlivet. Eg har difor valt å undersøkje sjølvbiografiene til to personar som i ungdom og vakse liv gjennomlevde pionerperioden innanfor nynorsk miljøet, og som aldrande menn, etter at målrørsla og det nynorske skriftlivet har konsolidert seg, ser attende på livet sitt i forhold til denne utviklinga.

No gjeld ikkje framstillingane berre deltakinga i det nynorske kulturlivet. Men for begge er det absolutt ei hovudsak; "hjartesaki mi," seier Seland (Se:67), og Hovden set "Guds ord paa norsk maal" som overskrift på det han kallar "mi livsgjerning" (H:212). Bøkene høver på den måten godt til mitt føremål her. Motsett har tilknytinga til målrørsla heller liten plass mellom alt anna i Halvdan Kohts Minne frå unge år.

Anders Hovden (1860-1943) var 66 år då han gav ut sjølvbiografien Attersyn i 1926. (Seinare kom tre nye opplag med ein del stoff om tida etter 1926; 4. opplag 1943 har 10 nye kapittel under overskrifta "Tillegg".) Hans Seland (1867-1949) var sju år

yngre enn Hovden. Då han gav ut sjølvbiografien Aar og dagar i 1931, var han 64 år.

Når eg skal avgrense desse bøkene nærare, kan eg ta utgangspunkt i ein definisjon av franskmannen Philippe Lejeune (1975) som er referert både i Fahlgrens bok og i ein ny artikkel av Povl Schmidt med tittelen "Selvbiografien - en troløs genre" i Edda 2/91. Lejeune seier at sjølvbiografien er ei "retrospektiv prosaforteljing som ein person lagar om sin eigen eksistens ved å leggje vekt på sitt individuelle liv og særskilt på si personlege utviklingshistorie." ("Récit rétrospectif en prose qu'une personne réelle fait de sa propre existence, lorsqu'elle met l'accent sur sa vie individuelle, en particulier sur l'histoire de sa personnalité.") (Fahlgren 1987:11; Schmidt 1991:115.)

Dette høver for så vidt godt nok på dei bøkene eg skal drøfte her. Men sidan det er hovudpersonane si forståing i nynorskorraine det gjeld, må eg utvide omfanget av beskrivinga. Povl Schmidt skil i artikkelen sin mellom det han kallar "den ytre scenes" og det han kallar "den indre scenes sjølvbiografiar". Den fyrste typen gjeld f.eks. aldrande politikarar, og slike bøker

kaster lys over den ytre, offentlige scene, hvis spil selvbiografiens forfatter har haft en rolle i, og som ofte kan belyses på anden måde, f.eks. gennem andres selvbiografier, dagbøger, breve eller andre dokumenter fra tiden (Schmidt 1991:112).

Den andre typen, den indre scenes sjølvbiografiar, kan ofte vere skriven av "kunstnere, især digtere". Desse

rekapitulerer som oftest et livs afgørende faser for i det spredte og kaotisk tilfældige at fremskrive de forhold og spor der lader sammenhænge og mønstre blive synlige, så en skæbne får form og en forståelse af selvet træder frem (s.st.).

Sjølvbiografiane av Hovden og Seland er i utgangspunktet <sup>16.24</sup> det siste, dvs. at dei skildrar den indre scene. I mi gjennomgåing av dei vil eg likevel leggje vekt på korleis dei i sin "forståelse af selvet", i si sjølvforståing, også rører seg på den ytre scene eller inkorporerer denne og kan lesast som overindividuelle og typiske sjølvforståingar innanfor nynorskorraine. Eit bipoeng er det òg at Hovden og til dels Seland sjølve ikkje legg særleg vekt på at det er forfattarbiografiar dei

/ 21

skriv. Dei har skrive opne og enkle forteljingar og dikt ~~✓~~ som skjønnlitterære forfattarar; dei gjer det ikkje meir komplisert i sjølvbiografiane. Her er i grunnen ingen vitnemål om djup søking etter identitet. Dei antyder nok t.d. religiøse anfektel-sar i ungdommen, men ein får ikkje inntrykk av at dei for alvor misser barnetrua. For dei er ikkje "Gud død". Begge nemner Nietzsche, og der har dei fått tak i det skumle ordet "over-menneske" og tek avstand få det. Meir er det ikkje.

Men nettopp for di dei er så lite problematiserande i framstillinga og tek mykje av det som har hendt for gitt, er dei takknemlege å undersøkje for sitt forhold til rådande oppfatningar på nynorsksida.

I litteraturen om sjølvbiografi blir det stundom skilt mellom memoar, erindring og sjølvbiografi. I memoaren fortel ein om slike ein har vore samtidig med, i erindringa er sambandet mellom hendingane og forteljaren nærare, medan sjølvbiografien primært handlar om hovudpersonen sjølv. (Jfr. t.d. Lindhart 1983:19.) Ut frå ei slik genredifferensiering er det rettast å kalle bøkene til Hovden og Seland for erindringar, eller livsminne som det ofte òg heiter.

Anders Hovden var ein kjend personlegdom som frilyndt prest som stridde for at nynorsken skulle takast i bruk som kyrkjemål. Han var òg kjend som salmediktar og salmeomsetjar, og for arbeidet med redigeringsarbeidet med Nynorsk salmebok som kom i 1925. Og han var kjend som forfattar generelt, av lyrikk, salmar, songtekstar, forteljingsbøker/romanar og barnebøker. Alt i alt var han altså ein kjend og viktig mann i utviklinga av den nynorske skrift- og kulturtradisjonen. Han spela ei stor rolle internt også som talar og predikant, og han var i det heile med og gav nynorsken identitet og andlet utetter.

Hovden stod også langt framme i kulturstriden, både som forfattar, prest og talar/agitator. Denne posisjonen er også viktig, ja eit springande punkt i heile sjølvbiografien.

Hovdens bok har eit forord med grunngiving i tre punkt:

- For det fyrste har folk bede han om det ("Gjæve menner hev bede meg ...").

- For det andre "er kvart menneskjeliv merkelegt nok"; altså kan det vere som eit eksempel, forteljinga om hans liv som eksempel kan ha interesse for andre.
- For det tredje prøver han tilsynelatande å gjere arbeidet viktig ved å omtale det som noko han legg lite i: "...kvila ut i nokre kveldsstunder ved aa sjaa tilbake paa livet, og fortelja sumt ..." og "friska uppatt [...] minne um folk eg hev vore saman med."

Men trass det smålåten-toposet som boka tek til med, møter vi nemleg ein person, eit forteljande eg som har sterkt trond til å hevde seg. Det allmenne draget han antyder i forordet, legg han ikkje medvite opp til. Derimot legg han opp ei brei skildring av familie og nærmiljø: kap. I: "Den gamle slekti" og kap. II: "Grend og grannar", til saman 32 sider av vel 200. Den som fortel, er ein person som sit på toppen av eit vellukka liv - bispestaven måtte vere det einaste som vanta.

I høg grad legg han vekt på korleis han har greitt seg personleg. Det har vore viktig for han å kome saman med godtfolk i andre miljø, å bli akseptert av dei som høyrer til embetsmannskultur, bykultur, sosialt betrestilt kultur og miljø.

Dette kan ein godt seie er typisk i den forstand at mange nynorskfolk gjerne ville oppnå slike posisjonar, bli godkjende med sin bakgrunn og sitt språk, men ein kan òg seie at mange lukkast i mindre mon enn Hovden.

I det han fortel frå studenttida, kan vi òg sjå han som typisk innanfor rørsla på den måten at han plasserer seg som radikalar. Han er med og hyller Wergeland og står valet av ~~16.30~~ Bjørnson som talar på Wergelands-festen og avdukinga av Brynjulf Bergsliens Wergelands-monument i 1881. Han er sterkt tilhengjar av Sverdrup i riksrettstriden osv.

På den tida fanst dei fleste målfolk og målrørsla - i den mon det enno var vorte ei rørsle - på den politiske og kulturelle venstresida; det var eit samarbeid som alle partar stort sett aksepterte. Målfolket rekna Bjørnson som alliert og samarbeidde med Sverdrup som dei med god grunn rekna som målmann. Hovden plasserer seg der med desse orda om Sverdrup: "Um Noregs største

sak, maalsaki, tala han sterke og framsynte ord, lyfte maalet upp til lovs æra og rett" (H:80).

Men saman med nynorskfolket elles opplevde Hovden at målsaka vakte skepsis utetter mot hundreårsskiftet, og at Bjørnson stilte seg i brodden for ein sterk og etter kvart organisert språk- og kulturstrid mot nynorsken. I ein berømt tale 1899 tildelte Bjørnson landsmålet og bondekulturen underordna rang i høve til kulturen med K (eller C). Som ein del andre nynorskforfattarar prøvde Hovden å svare litterært, Hovden kanskje mest medvite i diktforteljinga Bonden (1900).

Særleg med bakgrunn i den striden er det grunn til å sjå på framstillinga av Hovdens eiga plassering i det nynorske miljøet som eit springande punkt i framstillinga hans. Ut frå dette kan vi forstå den sterke vekta han legg på sín eigen bakgrunn. Denne bakrunnen var så smålåten og fattigsleg som ein omrent kan tenkje seg. Foreldra var fattige fiskarbønder som måtte halde det gåande med tungt arbeid støtt for å greie seg. Faren var fiskar på opne båtar til havs om vinteren; han døydde av sjukdom under vinterfisket. Det er lite høve til å lese, berre nokre få religiøse bøker i huset, og mora er halvvegs analfabet: "Ho hadde kje lært aa skriva eller lesa skrift" (H:16); ho kan med andre ord ikkje lese brev.

Men Hovden skulle hevde seg som kulturelt likeverdig ut frå eigen bakgrunn, nettopp tilsvarande bakgrunn som målfolket ut frå si sjølvforståing bygde på. Han gjer denne bakrunnen til heile sitt åndelege grunnlag, både språkleg-litterært og religiøst. Det går i eitt. Når han skildrar far sin og mennene i ætta, legg han vekt på fysisk styrke, kunnskap og klokskap, og på slektskaps- og kjennskapsforhold til viktige personar. Bruket Hovden var ikkje mindre enn grannebruk til Åsen, der Ivar Aasen hadde vaks opp; Ivar og far til Anders hadde vore kameratar. Morbror Anders, som Hovden heitte etter; var ein språking og ein vellukka bonde: "Det er ei frodig ætt etter han: Bønder, kjøpmenn og studerte folk" (H:16). Frå mora kjem det religiøse grunnlaget, ho fortalte "kristelege forteljingar" og song "songar og salmar", og faren fylgde opp når han hadde tid (H:17-18). "Eg synest endaa, at

foreldri mine sit i ei kraa inni hjarta mitt og syng salmar" (H:29).

Alt dette har sikkert sitt faktiske grunnlag. Men det høver godt innanfor den framstillinga av seg sjølv som Hovden byggjer opp. Det gjer også meir grove røynsler som bryllaup med fyll og slagsmål. Og der er endå til ein bjørnsonsk sedlaus dreng som lærer vesle Anders "banning og raaskap" og vekkjer tankar om kjønnslivet på ein slik måte at han som skal vere prest og kristeleg føredøme, får problem seinare: "... vekte ein gir i blodet mitt, som var heitt nok i seg sjølv. Eg maa segja, at dette hev vore mi største plaga gjennom heile mitt liv." (H:34.)

Men elles gjeld framstillinga det åndelege liv. I Hovdens tilbakeskodande blikk blir grunnlaget for hans kulturveg det han har med seg frå familie, ætt og grannelag. Men språk- og kulturmotsetnadene blir plasserte inn alt i skildringa av barndom og bakgrunn. Skulegangen blir omtala som ei språkleg-kulturell diskriminering: "... barneheimen vaar maatte me leggja att ved dørstokken aat skulen - ordi og talen aat mor og far heime var for simple i skulestova" (H:26). Denne vurderinga kan vi godt tenkje oss høyrer til i det etterpåperspektivet som Hovden har i skrivande stund i 1920-åra. Den same motsetnaden legg han vekt på for studietida: "Eg hev aldri vore meir 'maallaus', og det hev aldri vore meir stengt for tankar og kjensler enn daa eg kom ut or skularne" (H:29), dvs. vart ferdig med studiet.

Gjennom heile framstillinga fortel han om sine konfrontasjoner med riksålsfolk både som student og særleg seinare som prest. Han legg då vekt på bakgrunnen sin og framfor alt på det språklege grunnlaget heimanfrå: "... Bjørnson hadde reist stormen imot maalet, eg kjende det som det vart trakka paa mine eigne foreldre" (H:126). For Hovden vert dette både eit språkleg og eit religiøst spørsmål, spørsmål om å halde det fjerde bodordet, ja, han alluderande kan framstille seg mest som Jesus med mor si som Maria (H:118).

Kulturelt grunnlag mellom vanlege fattige folk er altså viktig i framstillinga. Det han lærde ved Universitetet, legg han derimot lite vekt på. Han fortel at han greidde seg til eksamen, men mest ingenting om innhaldet i teologistudiet. Også som

forkynnande prest var det folkekulturen han ville bruke som utgangspunkt: "Daa eg for ut paa landet, hadde eg ikkje mange av desse bøkerne med. No ville eg læra av folket, av bonden, av hav og fjell." (H:85.) Ei av fyrste gjerningane hans som prest var i soknebod til ein ung mann langt inne på heia på Lista, som låg i ei utfattig hytte og døydde av tæring med foreldra rådlause attmed og både dei og guten i djupaste fortviling. Hovden fortel at han måtte mobilisere all si kraft og all sin fantasi: "Den natta lærde eg litevetta aa preika" (H:106). Det han lærde den natta under dei armaste materielle tilhøve, set han opp som grunnlag for ei forkynning med rot i nasjonal bygdekultur: "Seinare hev eg meir lagt vekt paa aa lata det daglege livet i vaare eigne norske bygder faa rom i preikorne mine. Eg tala ikkje lenger berre um Jødeland." (H:107)

Frå tida i Kristiania legg han også nærast obligatorisk vekt på å stille mot kvarandre bakgrunnskulturen og byerfaringane. I sitt simple kjellarrom var han "myrkrædd um natti, og drøymde jamt um heimen min, um fjell og fjord og hav" (H:50). Fleire stader legg han vekt på kor han var "heimlaus" i byen. Men også dette kan synast å vere langt på veg tenkt og forma på det seinare forteljetidspunktet. Det kjem nemleg godt fram i boka at han på mange måtar har hatt ei fin tid i byen. For det fyrste var han i ei særstilling i høve til mange andre fattige bondestudenter ved at han kjende Ivar Aasen. Her kunne han treffe ein person heimanfrå bygda. Og viktigast av alt, Aasen vart velgjeraren hans, gav han regelmessig pengar og finansierte i praksis studiet hans. Når Hovden altså klagar over språkleg-kulturell uforstand i studietida i Kristiania, stemmer nok det, men det har iallfall vore oppvege av ein viss framgang i sosialt og kulturelt byliv. For: for det andre har han hatt hell med seg i omgang med byfolk. Han har dansa med by jenter. Han har vore på utflukt med "bystudentar og unge droser" (H:71). Byfolk har teke seg av han når han låg sjuk. Han har besøkt Bjørnson og vorte godt motteken. Saman med Aasen har han endåtil fått helse på Ibsen (H:72). Og han fortel at han kjende Edvard Munch i studietida.

I resonnementet kring språket hentar også Hovden inn meir historiske argument - eller iallfall moment. Det er viktig for

han å slå fast at han har eit språk med høg kultur og aktverdige tradisjonar. Om folkemålet på landet bruker han adjektivet "adelegt" (t.d. H:198, Sunnmøre og Trysil). Han er mellom anna oppteken av kor nær nynorskken står det adelege målet islandsk. Ikkje berre hevdar han at islendingane forstod han når han preika på nynorsk i Reykjavík, det gjorde dei kanskje, men det er stor grunn til skepsis når han hevdar vidare: "Me skyna godt islandsk tunga, berre dei tala langsamt og greidt" (H:140). At han opplever det same på Færøyane, er lettare å tru, men også i høve til færøysk er det ei overdriving ved eit hastig besøk å seie at vi "skyna vel maalet aat kvarandre" (H:144). Det som er heilt sikkert, er at Hovden med desse utsegnene lever opp til ei ynsketenking som var utbreidd. Derimot seier han ingenstad noko om kor lett det er for nordmenn å forstå dansk. Eller at f.eks. Trysil-dialekten står nærmere svenske talemål enn det ligg sunnmørsk.

Hovden har i mangt ein bibelsk bakgrunn for oppfatninga av arbeidet sitt både som prest, forfattar og kulturperson i det heile. Han opplever seg som ein ekte nordmann, ein "det ikkje finst svik i" (tilsvarande ein ekte israelitt i Bibelen). Men svikarar finst òg, så bildet vert komplett: Ein "vestlending og lærar" som motarbeider at presten skal preike på nynorsk, er verre enn noko anna i boka. Ekte riksmålsfolk, frå embetsstand og byar, er meir for reine motstandarar å rekne. Alt i alt er det språkleg-kulturelle og det religiøse så tett samanfløkt i denne boka at det kan vere kunstig å skilje det. Det er også i samsvar med sterke drag i målrørsla, særleg frå hundreårsskiftet og ei tid frametter. Hovden forstod seg sjølv som venstreorientert radikal, og det stemmer nok for studietida. Seinare var han frilyndt som det heitte, men det gjekk nok inn i det dominerande draget i målrøsla som har fått namnet "kristendom og norskdom". Så radikalismen, slik vi forstår den med tanke på tida for Sverdrup-regjeringa, fortok seg nok snart. Kritikken frå venstre i slutten av 80-åra mot Sverdrup har Hovden vore motstandar av, og ingenting tyder på at han har forståing for den. Han har altså på denne tida forlate dei radikale og gått over til den norskdomsideologien som voks fram i 90-åra, der framståande radikala-

rar som t.d. Rasmus Steinsvik forlet dei gamle posisjonane og nærma seg meir samanhangande nasjonal ideologi med grunnlag både i motstand frå riksmålshald og striden med Sverige om Norges status i unionen.

I nokon mon kan Hans Seland òg plasserast slik i høve til "kristendom og norskdom"-kategorien, sjølv om han ikkje legg <sup>så stor</sup> ~~særleg~~ vekt på det religiøse i sin sjølvbiografi.

Heller ikkje Seland har noka innleiane drøfting av kvifor han skriv sjølvbiografi. Men han gir to situasjonsbilde:

- Han ser seg sjølv sitjande gammal og åleine att med bilde av gamle vene rundt seg i rommet. Det er vene frå det (sær)-norske kulturarbeidet, vene eller sentrale personlegdommar, mest innanfor den nynorske tradisjonen: Aasen, Vinje, Blix, Garborg, Olav Rusti, Bolette C. Pavels Larsen, dessutan Bjørnson og Jonas Lie. Mellom ei rekkje norske kunstnarar, fyrst og fremst forfattarar.

- Det andre bildet gjeld tida han har levt generelt, den moderne tida med all si tekniske utvikling og all sin fart. Ingen menneske har i sine liv før levt med i ei slik rivande utvikling.

Til saman kan vi sjå desse to tids- og sosial samanhengsbilda uuttala av forfattaren som utgangspunkt og grunngiving for å skrive sjølvbiografien. Ein eldre mann sit som den siste av vene midt i ei moderne tid som begynte i ei "umoderne" fortid, og fortel sine minne. Han tenkjer på heile landet slik han har sett og opplevt det, langs kysten og i innlandet - og til Amerika, eit moderne Noregs-velde. Og han fortel i litterære og historiske analogiar: "...tild sit eg som st. Olav og drøymer meg burt og ser heile landet fyre meg" (Se:6). Han siterer eige dikt frå ungdomstida om lengten ut, og han sluttar med Ivar Aasen - litt unøyaktig etter minnet: "Mykje hev eg sett og mangt [sic!] hev eg frett" (Se:7).

I utgangspunktet verkar Selands bok Aar og dagar meir nøktern, mindre engasjert enn Hovdens. Eg vil kalle den òg mest erindring eller livsminne, endå om det hos Seland er lagt meir vekt på ei sjølvframstilling som kunstnar, forfattar og entertainer. Men han har òg vore politikar og organisasjonsmann. Fram-

stillinga hans av bakgrunn og miljø er ei skisse som tek berre helvta så stor plass som tilsvarande hos Hovden, medan bøkene er om lag jamstore. Alt i II. av 14 kapittel kjem han fram med det som han nok held for sitt viktigaste, nemleg skrivinga, sin skjønnlitterære forfattarskap. Hovden legg vekt på at han ikkje reknar forfattararbeidet sitt for svært viktig. Seland skriv mykje om sin forfattarskap, og like viktig er det at han refererer og drøfter det som gjekk føre seg i litteraturen og i den litterære debatten då han var ung.

I samtidia var vel Seland likevel mest kjend som entertainer, underhaldar. Han gjorde turnéar og fortalte stubbar år etter år kring heile landet og delvis i norske miljø i USA, dit han reiste to gonger. Over alt hadde han suksess.

Seland vart ikkje student og tenkte truleg ikkje på det heller. Han har difor ikkje opplevt større bymiljø over lengre tid som ung og kan ikkje direkte samanliknast med Hovden i det stykket, f.eks. i forhold til Hovdens oppleving av språkleg-  
16.45 kulturell diskriminering på universitetet og i studentmiljøet. <sup>30 min</sup> Seland gjer heller ikkje så stort vesen reint personleg av dei kulturelle og språklege ulikskapane. Dette kan hange saman med at han minnest ein oppvokster med visse litterære interesser i miljøet. Slik han framstiller det, verkar hans småbrukarmiljø meir skriftkulturelt og politisk orientert enn den bakgrunnen Hovden fortel om for sin del. Den unge Seland har alt i konfirmasjonsalderen lese bøker av Bjørnson, Ibsen og Lie. Likeins har han lese tidsskrift som ein eldre bror hadde med heim. Familien har abonnert på Kristiania-avisa Verdens Gang. I den tidlege ungdomstida har han òg kome i kontakt med landsmålet gjennom bladet Nordmannen. Han skriv at han straks tok det nye landsmålet i bruk og fortel ikkje om nokon vanskar eller kjensle av diskriminering. Ei slik kjensle av språkskiftet utover landet kan etter kvart ha vore likså vanleg som den undertrykking Hovden gir uttrykk for at han opplevde få år før. Garborgs Bondestudentar i 1883, då han var 16 år, minnest han å ha opplevd som så viktig at han tigga bokhandlaren om få ta boka ut på borg og fekk bror sin til å betale henne seinare.

Seland fekk ein del utdanning og fagleg praksis i jordb  
r u k .

Han overtok også farsgarden, eit småbruk ved Flekkefjord i Vest-Agder. Han var kan ein seie sjølve den nynorske idealtypen, bonde og forfattar. Den nynorske litteraturen skulle etter kvart ideelt sett vere skiven av bønder for bønder, og så skulle bondekultur og bondelitteratur stillast jamhøgt med annan kultur og med tida verte den leiande, for di landsmålet, nynorsken skulle verte hovudspråket, eller som mange meinte: det einaste norske skriftspråket. Sjølv om Seland ikkje gir uttrykk for så skarpe motsetnader som Hovden når det gjeld forholdet mellom dei to språkformene og haldningane som knyttet seg til dei, har han prinsipielt same synet. Han gir i liten mon uttrykk for å sjå ned på dansk-norsken og dominerande bykultur. Dei haldningane kjem fram ved ei sterk og sjølvmedviten framheving av at han forstår seg sjølv som del av ein overlegen bondekultur. Det er viktig at slekts-garden har vore i åtta "minst 3-400 aar" (Se:77), og at han fekk overta denne garden. Og tilknytinga til nynorsken forstår han ut frå samanhengen med bygdekulturen og dialekten. Seland var ofte på reiser. Delar av boka komponerer han slik at det vekslar med reise- og heimekapittel. I heimekapitla legg han vekt på å framstille livet på garden og i bygda som positivt, der kan han kombinere arbeid og dikting. Og der er han borte frå det moderne liv. Det kan verte ufrivillig sjølvironisk:

Og best av alt: Her er eg so velsigna langt burte fraa verdsens larm og svarm. Det hev gjenge so mangt eit lærdomsver yver landet. Eg sat her i mi skyhøge borg og let dei staaka som staaka vilde. Eg tenkte mitt og tykte det kunde vera likso godt. Dei andre vart lettare suggerert av mengdi. Her beit aldri noko paa. (Se:78.)

Selands bok vert då ei soge om ein ung og etter kvart mogen mann som arbeider snart med jordbruk, snart med litteratur, og som held fram med denne kombinasjonen livet ut, til dels også som politikar og organisasjonsmann i Bondepartiet og Norges Bondelag. Som meieriarbeidar i Danmark ei kort tid i ungdomen legg han f.eks. vekt på å ha treft Jeppe Jensen, seinare Aakjær, og ha vore innom Askov og høgskulemiljøet der.

Seland arbeidde tidleg aktivt i det nynorske kulturmiljøet, men delvis meir konkret og lenger nede i hierarkiet enn Hovden.

Han var ein viktig hjelpesmann i arbeidet med å skape eit nynorsk publikum i det han fleire år på rad 1889-92 reiste rundt og selde bøker for landsmålsforlaget til Mons Litleré i Bergen.

Eg omtala Seland som idealtypisk. Det var han langt på veg også i forfattarskapen sin, og han er det i måten han forstår litteraturen på, både sin eigen og andres. Han reknar seg som realist, i den forstand at han tek utgangspunkt i stoff han kjenner, og er oppteken av at framstillinga skal vere sann, dvs. sosialt og psykologisk sannsynleg. Han var mest kjend for morostubbar eller skrøner som han fortalte på turnéane sine. Dessutan var det bonderomanar og to-tre barnebøker.

Innanfor det nynorske skriftlivet var det mange stader i ungdomsblad, regional- og lokalaviser osv. nokså vanleg å tilleggje det høg eigenverdi at bøker var skrivne på landsmålet. Og tilsvarande høg verdi gav det at dei skildra bønder, og helst bønder i positiv framstilling. Seland var med på dette. I sjølvbiografien gir han uttrykk for skepsis til den naturalistiske litteraturen som han har funne for negativ.

Dette kjem ikkje minst fram når han omtalar sine eigne bøker. Og det er særleg eitt drag som går att, nemleg ein tendens til å referere positive utsegner av ein eller fleire framståande personar.

Fyrste seriøse manuset vart sendt til den meir kjende forfattaren Jens Tvedt. "Han svara meg berre godt" (Se:44). Abraham Berge, først venstrepolitikar, seinare høgremann og statsminister, "Forplikta seg paa at 'Søren Lande' [roman av Seland, 1895] var den beste folkelivsskildringi i heile bokavlen vaar!" (Se:162.) Og etter Alexander Seippel hermer han om dobbelromanen Eikeli-folket (1900): "Eg tel Eikelifolket millom dei klassiske bøkene i heimslitteraturen!" (Se:163.) Han nemner også kort nokre negative utsegner, men då namngir han ikkje kritikarane, t.d. at ein av dei strengaste var ein kjend nynorsk forfattarkollega, Rasmus Løland, som mellom anna skreiv dette i 1907: "- So hev me då fenge bøker av det slaget som folk vilde ha, til uppbyggjelse for meinig mann, jordbruksuppbyggjelse, bondeuppbyggjelse. Mest av alt frå Seland." (Løland 1942:311.)

Det er også ein tendens hos Seland til å samanlikne seg med dei store: "Victor Hugo hev fortalt ein draum i sine livsminne, og eg hev hug til aa gjera det same" (Se:174). Eller til å nemne viktige personar som han har snakka med: Christian Krohg, Eilif Petersen, Jonas Lie, Harriet Backer, Kitty Kielland, Christian Skredsvig, Gerhard Munthe, Kristofer Janson, statsministrane Steen, Michelsen og Halvorsen, dei amerikanske presidentane Roosevelt og Coolidge osv. Dette er kanskje ikkje ein måte å omtale seg sjølv på som vi ventar av bønder, og det er heller ikkje i samsvar med gjengs oppfatninga av Aasen og andre av pionerane. Men Seland gir her uttrykk for ei oppfatning av seg sjølv som ein god og viktig forfattar og litterat; at den nynorske litteraturen er god, treng ingen vere i tvil om ut frå Selands sjølvforståing i Aar og Ægar. Og dette er i samsvar med det synet som utvikla seg i striden med Bjørnson og andre frå hundreårsskiftet: at bondekulturen og landsmålet var det mest verdfulle for di det var det mest nasjonale.

Dermed kan vi seie at både Seland og Hovden i sine tilbakeblikk framstiller seg slik at dei har levt opp til dei rådande nynorske draumane. Det er særmerkt med begge bøkene at forfattarane er nokså trygge på seg sjølve og sine eigne roller i den nynorske kulturrørsela. Begge sjølvbiografiene framstår slik at forfattarane i det store og heile har gjort rett og vore sunne sentrale personar i det nynorske skriftlivet. Når Seland må nemne ei bok - Synkvervd (1902) - som synest byggje på ei personleg krise, viser han til ei soge han har høyrt av ei gammal kone (Se:164). Aversjonen hans mot naturalisme og moderne samtidslitteratur viser noko av det same. Og Hovden på si side har hatt problem med Garborgs Bondestudentar (H:205).

Det er elles også typisk innanfor nynorskrørsla i den tida dei fortel om, at dei begge gir uttrykk for å ha vore særskilt opptekne av Arne Garborg, og dei dyrkar han uhemma. Men kva for ein Garborg er det dei hugsar? Kva har dei lært av han? Begge forfattarane uttalar seg t.d. negativt om Nietzsche. Seland refererer frå ein samtale ein skeptisk merknad frå Garborg til ordet "overmenneske". Men ingen nemner Garborgs gjennomgrundige

essay frå 1895. Avslutningsorda der t.d. viser eit heilt anna syn på Nietzsche og det han kan ha å seie enn det dei to Garborg-elskarane har fått fatt i:

Og veks det ei sterkare ætt, ei ætt som tek livet med fastare tak og med stoltare mot, og som vågar den adelege vilje å "skapa sjølv meining i sit liv", - so vil Friedrich Nietzsche vera ein av fedrane til denne ætt, kor mykje eller lite ho so vil kunna eigna til seg av hans tankegrunnar. (Garborg 1980:110-111.)

Nei, det er nok heilt andre tankegrunnar vi finn hos desse to erindringsforfattarane. For Seland vert Garborg til bonde, /6.55 rett og slett; lite tyder på at han har hatt noko intellektuelt utbyte av Garborg sjølv om vi forstår at han har prata mykje med han og jamvel vore i arbeid hos han på Kolbotn. Men han ovundrar Garborg. Han siterer Jonas Lie frå ein samtale: "... der kjem Garborg beinast or bondebygdi, og er i dag ein av dei førande i europeisk aandsliv! Eg veit ikkje hans likemann!" (Se:63.) Seland er òg så heldig at han kan ta Garborg til inntekt for den av bøkene sine som var mest antinaturalistisk og harmoniserande, bonderomanen Høgsumar (1903).

40 min

Hovden har eit eige kapittel om Garborg der han rosar han sterkt for språkleg meisterskap, utrøyteleg sanningssökjar osv. Garborgs "kritiske ballast" seier Hovden, er viktig for målfolket, men for mykje kritikk vil han ikkje ha. Han er meir oppteken av han sop<sup>m</sup> "den fyrste store maalmannen som naadde fram og upp" (H:208). Garborg blir den store døde som har dikta om "alvelandet".

Det er i samsvar med ein trend frå hundreårsskiftet at dei tek Garborg til inntekt for mange slags ideologiske overbygningsdrag i målrørsla. Oppglødd over framgangen hadde han uttala seg både om litteratur og anna på ein slik måte at det kunne nyttast i kontekstar han kanskje ikkje alltid var eller ville vore så glad for. Vi veit t.d. at han kommenterte 70-årsfeiringa dei heldt for han på Jæren slik i eit brev: "... det er ikkje for meg det vert halde fest; det var for ein Aadne Garborg som folk sjølv hev laga seg til rettes" (Time 1988:195).

Kritiske drag i målrørsla forbigår dei på andre måtar òg. Ingen tvil vert t.d. reist om det finst andre måtar å utvikle språket på med omsyn til målformer, rettskriving og ordtilfang,

sentrale spørsmål i mykje norsk språkdiskusjon. Diskusjonen om forholdet mellom dei nasjonale og dei sosiale omsyn<sup>v</sup>, skal vege tyngst, vert heller ikkje nemnd, trass i at Hovden nemner og hyller t.d. Olaus Fjørtoft. Halvdan Koht, derimot, er inne på slike spørsmål i det eine kapitlet han skriv om målrørsla i sine Minne frå unge år.

Det kulturgrunnlaget som Hovden og Seland ser midt i mellomkrigstida, er framleis "kristendom og norskdom" med grunnlag i bygdekultur og bondetradisjon. Noko anna ser dei ikkje som positivt. Særleg legg Hovden vekt på at det er ungdomslagsrørsla, den såkalla frilyndte bondeungdomen med ballast frå folkehøgskuletradisjonen som skal vere framtida, med folkevise-dans og folkemusikk. Materialismen - og det inkluderer nok arbeidarkultur - må ikkje få seg å seie kulturelt. Og byungdommen er ikkje å lite på med sin "negermusikk, [...] negerdans (Jazz o.l.)" (H:203).

Hovden og Seland viser seg så langt eg kan sjå, i si sjølvforståing å vere heller typiske for den ideologien som sjølve målrørsla var dominert av i deira tid. Dei skriv livet sitt inn i samsvar med det dei oppfattar som ei god og riktig utvikling. Dei kritiske moment, dei alternative tankar om utviklinga og framtida som fanst, både blant anonyme bonde- og arbeidarungdommar og byintellektuelle og framståande enkeltpersonar, blir i desse erindringsbøkene som hos dominerande leiatarar i rørsla etter hundreårsskiftet ikkje tekne opp.

Hovdens og Selands sjølvforståing inngår i og styrkjer bildet av den dominerande sjølvforståinga innanfor den nynorske språk- og kulturrørsla.

Vi må stille oss kritisk spørjande til tradisjonen. Og den kunnskapen om alternativ forståing, om det meir tvilande, prøvande, kritiske og framettervende som også fanst, også frå hundreårsskiftet og utetter, må søkjast i andre framstillingar.

## LITTERATUR

- Brandes 1900: Georg Brandes: "Forord", i Pjotr Kropotkin: En Anarkists Erindringer, København.
- Fahlgren 1978: Margaretha Fahlgren: Det underordnade jaget. En studie kvinnliga självbiografier, Tullinge Sverige.
- Fjørtoft 1991: Kari Fjørtoft: "Den fiktive sjølvbiografien og den sjølvbiografiske fiksjon. Om Hulda Garborgs barndomsminne (1935) og Kvinnen skapt av mannen (1904)", i Edda nr. 2.
- Garborg 1980: Arne Garborg: "Friedrich Nietzsche", i hans Artiklar og essay II.
- Koht 1967: Halvdan Koht: Minne fra unge år.
- Lindhart 1983: Jan Lindhart: "Selvbiografien i Antikken og hos Augustin", i Lise Bek (m.fl.): Selvbiografien, Viborg.
- Moren 1930: Sven Moren: "Attersyn", i Sven Moren: I vårvinna. 30 år i ungdomslaget.
- Olney 1980: James Olney: "Autobiography and the Cultural Moment: A Thematic, Historical and Bibliographical Introduction", i James Olney (ed.): Autobiography: Essays Theoretical and Critical, New Jersey.
- Schmidt 1991: Povl Schmidt: "Selvbiografien - en troløs genre", i Edda nr. 2.
- Time 1988: Forord i Sveinung Time (red.): Arne Garborg om seg sjølv.